



DEN NORSKE KYRKJA

Undheim sokneråd

Møtebok

Råd: Undheim sokneråd
Møtestad: Undheim kyrkje - kyrkjekjellaren
Dato: 01.06.2022
Tid: Kl. 19:00 - 21:30

Følgjene medlemmer møtte

Anne Lise Undheim

Hanne Brit Sandsmark

Ivar Risa

Oddvar Undheim

Per Arne Undheim

Roald Byberg

Rolle

Medlem

Leiar

Medlem

Nestleiar

Medlem

Medlem

Forfall meldt frå følgjande medlemmer

May Brit Merland Arnø

Tordis Sandvik

Følgjene varamedlemmer møtte

Andre som møtte

Frode Skårland

Hanne Brit Sandsmark

Sakliste**Sak nr.****Sakstittel**

031/22	Godkjenning av referat frå førre møte.
030/22	Godkjenning av innkalling
032/22	Meldingssaker
033/22	Kva gjer me med eit eventuelt overskot i 2022
034/22	Utbetaling av overtidstimar
035/22	Kva ønsker soknerådet for "Ung i Time"?



DEN NORSKE KYRKJA

Undheim sokneråd

Arkiv: KF-KF
JournalpostID: 20/3136
Saksbehandlar: Frode Skårland
Dato: 25.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Råd	Møtedato
031/22	Undheim sokneråd	01.06.2022

Godkjenning av referat frå førre møte.

Forslag til vedtak:

Referat frå førre møte vert godkjent.

01.06.2022 Undheim sokneråd

US - 031/22 Vedtak:

Referatet blei godkjent.

Vedlegg:

Protokoll - Undheim sokneråd - 20.04.2022



DEN NORSKE KYRKJA

Undheim sokneråd

Arkiv: KF-KF
JournalpostID: 20/3137
Saksbehandlar: Frode Skårland
Dato: 25.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Råd	Møtedato
030/22	Undheim sokneråd	01.06.2022

Godkjenning av innkalling

Forslag til vedtak:

Innkalling vert godkjent.

01.06.2022 Undheim sokneråd

US - 030/22 Vedtak:

Innkallinga blei godkjent.



DEN NORSKE KYRKJA

Undheim sokneråd

Arkiv: KF-KF
JournalpostID: 20/3138
Saksbehandlar: Frode Skårland
Dato: 25.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Råd	Møtedato
032/22	Undheim sokneråd	01.06.2022

Meldingssaker

- Ungdomsarbeidar begynner i 30 % stilling i august. Oppstart 08.08.
- Endring i protokoll/møtebok frå soknerådsmøte 20.04.

Forslag til vedtak:

Meldingssakene vert tatt til orientering.

01.06.2022 Undheim sokneråd

Behandling:

I første utgåva av protokollen frå møtet 20.04. blei det skrive i meldingssaka at me skulle overføre 12 000 til misjonsprosjektet Joshua Venture. Dette har blitt flytta til ei eige sak slik at det står som eit vedtak.

Under drøftinga av prestestillinga på Undheim kom det forslag om å starta opp eit nytt tiltak i haust som kan kallast "Samantreff". Det er for å byggja gode relasjonar i kyrkjelyden. Tanken er at det blir organisert treff kor ein møter forskjellige folk kvar gong for å bli betre kjende med andre.

US - 032/22 Vedtak:

Meldingssakene blei tekne til orientering.



Arkiv: KF-KF
JournalpostID: 20/3139
Saksbehandlar: Frode Skårland
Dato: 25.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Råd	Møtedato
033/22	Undheim sokneråd	01.06.2022

Kva gjer me med eit eventuelt overskot i 2022

Fram til nå i år, så har kontoane stige med til saman 93981 kr fra 1. januar. Viss situasjonen i haust blir lik den situasjonen me har i dag, så vil kontoane sannsynlegv stiga med meir enn dei har gjort i vårhalvåret. Det skuldast at me får tilskot på 120 000 frå Fellesrådet i den tida.

Har soknerådet tankar om kva eit eventuelt overskot i 2022 skal brukast til?

01.06.2022 Undheim sokneråd**Behandling:**

Me veit ikkje kva som skjer, og det vil vera godt om me sparer til å kunna dekkja høgare kostnader som kan komma dersom alle våre tilsette er tilbake i full jobb.

US - 033/22 Vedtak:

Soknerådet går ikkje for å bruka overskotet me har hatt det første halvåret til eit bestemt føremål nå, men heller spara midlene.



Arkiv: KF-KF
JournalpostID: 20/3140
Saksbehandlar: Frode Skårland
Dato: 25.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Råd	Møtedato
034/22	Undheim sokneråd	01.06.2022

Utbetaling av overtidstimar

Sidan soknepresten vår har vore sjukemeldt, har det blitt ein god del ekstraarbeid på kateket Ingfrid Time Nærland. Ingfrid har teke på seg oppgåver som normalt soknepresten har. Frode har fått eit anslag frå Ingfrid om at dette dreier seg om rundt 40 timar. Mest timar har gått til planlegging og gjennomføring av konfirmantarbeidet, men noko har også gått til å skaffa vikarar og diverse andre oppgåver.

Assisterande kyrkjevevjerje, Siri Vik, har spurt om soknerådet kan betala ut dette som overtidstimar, sidan dette tidligare har vore ein del av soknepresten si stilling som Undheim har betalt for.

Ønsker soknerådet å betala ut desse timane?

01.06.2022 Undheim sokneråd**Behandling:**

Det er ikkje rett at Undheim sokneråd skal bruka givarmidler til å finansiera overtid til kateketen, mens dei andre sokna ikkje bidreg i dette. Uansett burde det vore avklart på førehand og ikkje i etterkant om Undheim skal støtta eit meirforbruk av timar.

US - 034/22 Vedtak:

Undheim sokneråd vil ikkje utbetala 40 timar for ekstraarbeid i tråd med fråværet av soknepresten på Undheim.



DEN NORSKE KYRKJA

Undheim sokneråd

Arkiv: KF-KF
JournalpostID: 20/3141
Saksbehandlar: Frode Skårland
Dato: 25.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Råd	Møtedato
035/22	Undheim sokneråd	01.06.2022

Kva ønsker soknerådet for "Ung i Time"?

Asle Steinbru har sagt opp si stilling. Dette er ikkje offentleg før i juni.

Støttar soknerådet opp om å halda fram med modellen slik "Ung i Time" har vore organisert og finansiert?

01.06.2022 Undheim sokneråd

US - 035/22 Vedtak:

Soknerådet har ikkje tankar om at det skal blir gjort større endringar på stillinga "Ung i Time" nå. Stillinga kan lysast ut.